

Til alle barneskular i Vestland fylkeskommune

Digitale ressursar til bruk i skulen: Tema nærmiljø, trafikk og trafikktrygging

Trygg Trafikk tilbyr skulane digitale ressursar til bruk i trafikkopplæringa. Alt er *gratis* og lett tilgjengeleg. Me har både digitale læringsressursar om trafikk, så vel som informasjon og rettleiing dersom de ynskjer å starta opp arbeidet med ei Hjertesone.

Barnas Trafikkklubb – ei morosam og lærerik trafikkverd for store og små



Klubben er gratis og har lett tilgjengeleg pedagogisk innhald om trafikk. Du finn filmseriar, øveoppgåver og framlegg til praktiske aktivitetar. Innhaldet vårt kan enkelt integrerast i arbeid med læreplanverket og i skulekvardagen generelt.

Me har informasjonssider som det er enkelt å dela med føresette. Til foreldre som har skulestartatar, gjev brosjyra vår om 6-åringar på skuleveg nyttige tips til øving på skulevegen. Til hausten er det òg klart ein del innhald og aktivitetar som kan brukast på **SFO** eller i **skulen**. Øistein kjent fra *Øisteins tegneblyant* har laga **trafikkblyant**, og det er både musikk, videoar og lydbøker å finna. Det er egne ressursar til **refleksdagen** som blir markert **19.10.23**. Sjå meir på Barnastrafikkklubb.no

Refleksaktivitetar, Refleksjakta og å få tilsendt refleksar til skulen

Me vil oppmoda skulane om å køyra eige opplegg i samband med refleksdagen eller andre aktivitetar kring mørketida og refleks. Trygg Trafikk Vestland kan støtta dykk med refleksar og me vil tipsa om aktivitetar som refleksdemonstrasjon, skulevis gjennomføring av refleksjakta eller utandørs opplegg. [Sjå forskjellige framlegg til aktivitetar her](#) og ta gjerne kontakt med oss pr. vestland@tryggtrafikk.no eller tlf. **907 34 980 / 412 06 132** eller **952 37 438** om de ynskjer refleksar og rettleiing kring refleksaktivitetar i mørketida og for refleksdagen. Pga. stor etterspurnad er me nøydd til å setja eit tak på ca. 300 refleksar pr. skule. Me sender ut refleksar så langt lageret rekk.

Hjertesone og trafikksikker skuleveg

Hjertesone gir barna ein meir trafikksikker skuleveg, mosjon og frisk luft og skapar engasjement for miljøet. Ei hjertesone rundt skulen gjer det sikrere for elevane å gå eller sykla. Mindre biltrafikk og tryggare stopp- og hentesonar er bra for alle! Alle kan ta initiativ til hjertesone, anten du er forelder, lærar, elev eller rektor. [Kom i gang med hjertesone!](#)



Me ynskjer dykk eit godt og trafikksikkert nytt skuleår!

Venleg helsing
Knut Olav Røssland Nestås
Regionleiar Vestland
Trygg Trafikk